

# Bygdabladet

for BOKN



Innskiving s. 8



Full rulle for Bokn Plast og HighComp  
Les meir s 3



Driftsending ved Bokn Bufellesskap?  
Les meir s. 4



Bokn har sin eigen versjon av Rogalands-  
bunaden. Les meir s. 20



## RDFØRAREN RDET

Som alle er eg og prega av den tragiske dødsulykka på E39 der Leif G. Hansen omkom. Sjølv om den pregar oss alle så er det mest vondt for hans barn, barnebarn og resten av familien. Dei har vår djupaste medkjensle og omtanke og treng vår støtte i ei vanskeleg tid.

Tilfeldighetene ville det og slik at kommunestyret i møte den 24. april vedtok at det berre er ein ferjefri kryssing av Boknafjorden, Rogfast, som oppfyller krav om redusert reisetid og betre forutsigbarhet for trafikk over Boknafjorden.

Kommunen og Vegvesenet har i arbeidet med Rogfast fått utarbeida ein rapport om konsekvensar for trafikksituasjonen etter Rogfast. Konklusjonen er at trafikken vil auke endå meir og der er foreslått fleire utbetringar av vegen. Kommunen har allereie starta arbeidet med å få i gang utbetringar.

Det er og nærliggande å få vurdert midtskille på ein så sterkt ulykkesbelasta og trafikkert vegstrekning som E39 gjennom Bokn.

### Barnehagen

Til barnehageopptaket nå i vår har der vore stor søknad og barnehagen er sprengt. Kommunestyret har derfor vedtatt ei midlertidig utviding av barnehagen for å gi eit tilbod til alle søkarane. Den midlertidige løysinga vil bli på skulen. Samtidig med dette er der eit arbeid på gong for å vurdere det framtidige barnehagetilbodet på Bokn. Det vil omfatte kapasitet og type tilbod, f.eks. friluftsbarnhage.

### Førebyggjande arbeid

Kommunestyret behandla og revidering av psykiatri-

planen. Den vidarefører dagens tilbod med ei framtidig satsing på førebyggjande arbeid blant barn og unge. Det er tenkt ved å opprette ein barne og ungdomsarbeidar i 50% stilling.

### Bokn Bufellesskap

Barnevernsarbeidet er under omlegging, og det vil gjelda boknasamfunnet då me har Bokn Bufellesskap her. Eg føler at samarbeidet mellom Bufellesskapet, kommunen og lokalsamfunnet har godt greitt til nå, sjølv om me i den seinare tid har følt at belastninga på lokalsamfunnet til tider har blitt for stort.

Ved ei større belastning fryktar både formannskapet og lokalbefolkninga at det blir for mykje for eit lite lokalsamfunn som Bokn, og ein frarår derfor Bokn Bufellesskap å ta i mot endå meir belasta ungdom. Eg er glad for at styret i Bokn Bufellesskap tok desse signala å sa nei til å ta imot endå meir belasta ungdom.

Styreleiar i bufellesskapa og eg er nå kalla inn til møte med Bufetat, Statens barnevern, for å drøfte situasjonen.

Eg er usikker på kva staten vil gjere, men eg synest at Bokn har tatt ansvar og tatt sin del av det vanskelige barnevernsarbeidet til nå.

**(Sjå s. 5, høgre spalte - redaktøren)**

Til slutt vil eg ønske alle velkommen til årets tradisjonsrike 17. mai-feiring på Bokn.

Svein Ove



Tirsdag 24. april hadde Bokn brannvesen øvelse i Strandavigå. Vi hadde fått i oppdrag å drive kontrollert nedbrenning av en gammel løe som stod til forfall.

Røykdykkerene våre fikk kjenne på varmen, og vi som stod utenfor fikk lukte på røyken.

Øvelsen gikk greit, og løa brant fint ned.

Tekst: Unni W W Høivik - foto: Terje Alvestad

# Full rulle for Bokn Plast og HighComp

Reidar Alvestad

**Dei gode tidene i norsk næringsliv omfattar også bedriftene Bokn Plast AS og HighComp AS. Det som er begrensningane for større produksjon er mangel på produksjonsareale og arbeidskraft.**

## Ny storhall

Bokn formannskap har den 13. mars i år godkjent eit framlegg om byggslingsavtale mellom Bokn Plast AS og Bokn kommune om feste av regulert industriområde på gnr. 9 bnr.3.

Dette området ligg nord for bedrifta sin nåverande storhall som vart oppsett i 2006. Denne hallen er på 1000 m<sup>2</sup>. Ein eventuell ny hall lengre nord vil bli ein halv gong til så stor, altså 1500 m<sup>2</sup>. Dei vil også fylla noko masse ut i sjoen for å få meir uteareale nord for det sonde kaiområdet ved den største hallen.

Totalt har dei to bedriftene 4000 m<sup>2</sup> med areale når det gjeld innandørs produksjonslokaler. Utearealet er på rundt 1500 m<sup>2</sup>. Dette er for lite om dei skal satsa på vindkraft.



Her til venstre for den store produksjonshallen ligg modular til offshore-industrien. Nord for dette lagringsområdet skal det fyllast litt ut i sjoen.

Planane om større areale og ny produksjonshall kjem opp på grunnlag av at bedrifta ser at det er eit potensiale for å få fleire og større kontraktar. Hallane og portane er ikkje store nok. Det er for seint å byggja ny storhall når kontrakt om nye store modular er underskriven. Difor må alt leggast til rette på førehand, og gjerast ferdig dersom utviklinga går den vegen dei håpar på.

Men 100% sikkert at dei byggjer er det altså ikkje ganske ennå. For at det heile skal gå i boks, vil dei trenga både nye eksterne partnarar og ordrar som krev større produksjonsareale. Det som vil skje i næraste framtid, er at tomta blir klargjort i løpet av dette året.

## Samarbeid med kommunen

Dagleg leiar Helge Rasmussen seier til Bygdabladet at bedrifta er glad for at kommunen er på banen og gir dei høve til utviding. Bedrifta meiner at auka aktivitet i næringslivet og fleire tilsette på sikt kan føra til at fleire slår seg ned i kommunen.

Dei siste åra har dei etter måten hatt store investeringar i bedriftene sine. Det dreier seg om 10–15 millionar kroner.

## Trangt på kaiområdet

Dagleg leiar er klar over at enkelte kan ergra seg over at Bokn Plast til tider okkuperer deler av kaiområdet i Føresvik, og med det gjer det meir kronglete for butikkundane når dei skal parkera. Heller ikkje visuelt sett er det nokon god situasjon. Helge Rasmussen håpar at folk tenkjer at det er positivt at aktiviteten er høg og at bedrifta veks og består. Dei etterstrebar å unngå at kaiområdet blir for mykje brukt, men i periodar er det ikkje til å unngå.

Det er heller ikkje realistisk å tenkja seg at produksjonen med det første blir flytta bort frå denne delen av området.


## To selskap

Bokn Plast AS og HighComp AS er oppdelte i to selskap. Alt i tank blir produsert av Bokn Plast, medan all øvrig composit blir produsert ved HighComp. Det vil i praksis hovudsakleg seia produksjon som er offshore- og vindkraft-relatert. Bedrifta har oppdrag ut året innfor vindkraftproduksjon. Det er underkapasitet i bransjen, og fornybar energi er svært aktuell i forhold til klima-problematikken. Det er difor grunn til å forventa auka etterspørsel på dette området.

Det er også god etterspørsel innfor offshore-sektoren, og produkta er modular som blir brukt til vern for installasjonar på havbotnen. I år har dei levert mykje til Tyrihans. Dei leverer også til engelsk sektor. Modulane dei leverer er eit nisjeprodukt, og bedrifta er rimeleg godt kjende i bransjen. Det er store produksjonar som ikkje så mange andre kan ta.

Totalt sett har dei hatt god flyt i vinter og vår, og har gode ordrebøker. Når det gjeld tankproduksjon produserer dei dei maktar, og greier ikkje å halda tritt med etterspørselen.

Desse produksjonslokala ligg i det nordre og "gamle" fabrikkområdet nord i Føresvik. HighComp t.v. og Bokn Plast t.h. Masse tank er lagra, men heile denne tankproduksjonen er seld.



Det har vore ei svært god utvikling, og dei produserer mange typer tankar. Det som hindrar dei i utviklinga nå, er mangel på produksjonsareale og mangel på arbeidskraft.

Totalt sett har Bokn Plast og HighComp mellom 50 og 60 tilsette. Over halvparten av desse er lokale og andre frå distriktet som pendlar inn i kommunen. Resten er stort sett arbeidstakarar frå baltiske land.

Omsetninga har utvikla seg frå 33 millionar kroner i 2004 til 47 mill. i 2005, 61 millionar i 2006 og forventa 70–80 millionar kroner i inneverande år. Helge Rasmussen seier det er ein fin vekst, men at dei heile tida må driva rasjonell produksjon for å vera konkurransedyktige.

# Driftsendring ved Bokn Bufellesskap?

Reidar Alvestad/Jardar Havikbotn

Bufetat region Vest har avslutta første fase av prosjekt Utvikling og Omstilling av tiltaksapparatet innfor det statlege barnevernet i regionen.

Dette vil medføre at det på sikt vil bli ei endring av drifta slik at institusjonen Bokn Bufellesskap må ta inn unge som har større atferdsproblematikk enn tidlegare.

## Konsekvenser for lokalmiljøet

Bokn Bufellesskap innkalla til eit ope møte om desse endringane den 27. mars. Godt over 30 møtte, mest foreldre. Dei var interesserte i å vita meir om kva omlegginga ville kunna få å seia for lokalmiljøet.

Både leiar i styret for Bufellesskapet, Svein Ivar Langhelle, og leiar for Bufellesskapet, Ove Alvestad, orienterte om omlegginga. Slik ein oppfatta dette, vil Bokn Bufellesskap koma med i ei samarbeidskjede med Ginatunet i Haugesund og Hetlandstunet i



Foto: RA

**Dagleg leiar Ove Alvestad orienterer om Bokn Bufellesskap som vil få endringar og omstilling. T.h. for han sit styreleiar Svein Ivar Langhelle.**

Tysvær med felles fokus på ungdom i definerte målgrupper. Samarbeidskjeda skal handtera ungdom med atferdsproblem i området.

## Dialog

Fleire foreldre var urolege for at det nye opplegget ville føra til at i ein liten stad som Bokn ville nær- miljøet få større påkjenningar enn tidlegare ved at utagerande unge i Bufellesskapet kunne skapa frykt hos foreldra for at eigne barn og unge kunne bli skadelidande.

Bokn skule meinte at dei hadde lang erfaring med å ta imot barn frå Bufellesskapet, og at dei etter kvart hadde gode fagfolk til å arbeida i dette feltet.

Bufellesskapet hadde forståing for at folk var urolege, og at dei sjølv stilte seg dei same spørsmåla. Dei meinte imidlertid at omlegginga ville ta tid, og at det ville skje skrittvis. Dei har også ein dialog med BUF-etat når det gjeld nye unge som skal plasserast, og kan til ein viss grad påverka. Ved Bufellesskapet vil omlegginga føra til at dei vil få ungdommar i 13–15 års alder. Dei meinte likevel at dei i ei god tid fram-

over også ville ha ei gruppe med yngre barn.

## Meir kontakt

Både frå Bufellesskapet og frå foreldre vart det framheva at erfaringane fram til nå i lokalmiljøet har vore gode. Det betyr ikkje at alt har gått smertefritt. Barn og unge frå

Bufellesskapet har blitt ein del av lokalmiljøet og skulen i Bokn. Det kom fram at både folk i nærmiljøet og Bufellesskapet ynskjer meir informasjon og dialog enn det som har vore til nå.

## Uttale frå Bokn formannskap

Bokn formannskap vedtok på møte den 10. april samrøystes å oversenda fylgjande uttale til styret for stiftelsen Bokn Bufellesskap vedr. endring av drifta:

”Bokn formannskap tar orienteringa frå Bokn Bufellesskap til etterretning.

Bokn Bufellesskap har over fleire år hatt drift på Bokn og vore ein del av lokalsamfunnet her. Det tette forholdet mellom bygda, kommunen og då spesielt skulen og bufellesskapa har vore bra for utviklinga av barna i bufellesskapa.

Til tider har belastninga på bygda og skulen vore stor og Bokn Formannskap er uroa over kva endra drift ved bufellesskapa kan medføre for lokalsamfunnet på Bokn.

Bokn Formannskap vil derfor frarå at bufellesskapa endrar drifta ved å ta inn endå meir belasta ungdom enn kva tilfelle er nå. Formannskapet vil samtidig signalisera at ein ser det som viktig at Bokn Bufellesskap fortsetter som ein lokal stiftelse.

Bokn formannskap stiller også spørsmål ved om den endra drifta er i samsvar med føremålet til bustaden i Fyrvegen.”

## Uttale frå styremøte i Bokn Bufellesskap 12. april

Etter eit styremøte i stiftinga Bokn Bufellesskap, der dei drøfta tiltaket si rolle i høve til endring som resultat av UTOM-prosjektet i Bufetat region vest, særleg med bakgrunn i lokalsamfunnet sine tilbakemeldingar, vedtok styret fylgjande:

”1. Bokn Bufellesskap er avhengige av eit nært og godt tilhøve til lokalsamfunnet for å kunne gi eit godt tilbod til barn og ungdom. Utan eit slikt tilhøve vil det verte uråd å drive bufellesskapet på Bokn vidare. Styret kan ikkje sjå at Bokn Bufellesskap kan ta imot ungdom plassert etter § 4-24 i barnevernlova. Styret ber difor Bufetat region vest om å revurdere sitt vedtak.

2. Bokn Bufellesskap ønskjer å halde fram som ei stifting med eit lokalt forankra styre.”

**Styret har også utarbeida eit grundig supplement til vedtaket sitt, som viser at negative signal frå sam-bygdingar, underskriftskampanje og utviklings-bekymring frå Formannskapet har påverka avgjerda deira:**

Bokn Bufellesskap vart oppretta som ei ideell stifting i 1996. Målet for oppretting av stiftinga var å gi eit tilbod til målgruppa barn og unge som av ulike grunnar ikkje kunne bu i fosterheim. Drifta bygde på utvikling gjennom relasjonar til få vaksne i bufellesskapet (medlevarordning) og tilknytning til lokalsamfunnet på Bokn. Stiftinga har hatt eit styre med forankring lokalt.

Samarbeidet med lokalsamfunnet på Bokn har vore nært og godt, men til tider krevjande for både paratar. Det har likevel vore gjennom dette samspelet at våre barn og unge har fått god støtte til positiv utviklinga under opphaldet. Vaksne ved Bokn Bufellesskap har lagt stor vekt på open dialog både med privatpersonar og offentlege instansar i kommunen. Innbyggjarane i Bokn har vist stor evne og vilje til samarbeid og ivaretaking av barn og unge ved Bufellesskapet.

Utviklinga og krava i samfunnet endrar seg og såleis også krava til arbeidet i Bokn Bufellesskap. Dette har ført til mange mindre endringar som gradvis har ført til endra utfordringar både for tilsette ved Bufellesskapet og for lokalsamfunnet i Bokn. I den seinare tid har Bokn Bufellesskap delteke i prosessen med endringsarbeid i Bufetat region vest gjennom prosjekt UTOM - Fonna. Vedtaket i høve UTOM prosjektet medfører at ei av avdelingane skal endre målgruppe til § 4 -24 i barnevernlova. Ein har i tråd med vedtaket arbeidd for å førebu endringa sjølv om ein ikkje i utgangspunktet har hatt eit ønske om ei slik endring, jf. innspel datert 24.01.2007.

Vedtaket har ført til sterke reaksjonar i lokalsamfunnet. Den første informasjonen kom gjennom media og skapte stor uro og frustrasjon. Etter dette har det vorte halde informasjonsmøte for Bokn skule,

for naboar og interesserte i lokalsamfunnet og på oppfordring er det gitt informasjon til ordførar og formannskapet i Bokn kommune.

Reaksjonane har vore sterke og tydelege på at ein er redd for auka belastning og påverknad av meir negativ art enn det ein har hatt til no i eit svært lite og sårbart samfunn. Dette gjeld belastninga på miljøet i ungdomsskulen men særleg er ein redd for negativ smitteeffekt på ungdomsgruppa og for introduksjon av meir kriminalitet og rus. Desse reaksjonane har gitt seg utrykk i eit opprop som på svært kort tid har samla 204 underskrifter i ein kommune med under 800 innbyggjarar. Vidare har ein fått uttale frå formannskapet i Bokn kommune der dei utrykkjer si bekymring for utviklinga.

Styret i Bokn Bufellesskap vil understreke at ein framleis har som mål å halde fram med å gi eit godt tilbod til den målgruppa ein har i dag.

## Møte mellom Bokn Bufellesskap, ordføraren i Bokn og Bufetat region vest

Bufellesskapet og Svein Ove Alvestad møtte Bufetat 26. april.

Det blei utvekslinga synspunkt, men ikkje konkludert med noko. Bufetat skal halda eit ope informasjonsmøte i Bokn 4.juni.

Ove Alvestad er nøgd med møtet.

- Me fekk lagt fram synspunkta våre. Nå skal me tilbake til samtalar på kvar vår plass så får me sjå, seier den daglege leiaren, som ikkje vil komma inn på kva Bokn Bufellesskap vil gjera dersom det blir ei driftsendring i Bokn.

Ordet driftsendring får førebels eit spørjeteikn bak seg.....

## Lokalt

### Snekkerboden

Arne C. Baardsen

**"Kjekt på Bokn" har fått i gang Snekkerboden i samarbeid med Ottar Håland på Håland.**

Hver tirsdag fra kl. 10.00 til 13.00 er vi 4-5 menn samlet i Ottars "snekkerbod" som er en innholdsrik verksted i Ottars kjeller. Har vi lyst til å komme utenom tirsdager så er ikke Ottar så nøye på det.

Ottar er en tusenkunstner og han er et oppkomme av historier fra og om Bokn. Så det er tid til prat, hvor vi prøver å løse lokale- og verdensproblemer. Vi lager tiner, speilrammer, tredreing m.m. mens drøsen går sin gang.

**Kanskje du har lyst til å være med. Ta kontakt med Gunn Grønnestad.**

**Hilsen fra oss i Snekkerboden.**



Fv. Mathias Are og Jon Eiksund i dyp konsentrasjon.

# Finv r og fartsauke

Jardar Havikbotn

**Det viser seg at sj f rar fr  regionen stort sett er klar over at Utrykkingspolitiet er   sj  med laserapparatet p  E39 mellom Aksdal og Arsv gen i helgene. Verre er det med folk fr  andre stader i landet.**

15. april blei ein 19  r gamal mann fr  Stavanger fotgjengar etter   ha blitt m lt til heile 144 km/t ved Sandvika p  Vestre Bokn.

- Det er uforst eleg at folk kan gambla med f rarkortet p  den m ten. 19- ringar har



Foto: UP

lite kj retrening og utgjer ein stor fare i trafikken n r dei kj rer s  fort, seier politibetjent Kyrre Lindanger i ein kommentar. Han legg til at hjort og r dyr sv ert ofte kryssar vegen her, noko som gjer vegstrekket spesielt farleg.

Ogs  ei kvinne fr  oljebyen i s r fekk f rarkortet beslaglagt etter at vedkommande blei m lt til 120 km/t p  same staden. Dette var 4 km/t over beslagsgrensa. I tillegg blei vedkommande anmeldt for   ha foretatt forbikj ring over sperrefeltet ved avkj ringa til F resvik.

Fem forenkla forelegg blei elles utskrive for ulike fartsbrot Dette utgjorde tilsaman 14 000 kroner til fellesskapet.



**Laserfartskontrollen 15. april p  vegstrekket s r for avkj ringa til F resvik blei gjennomf rt kl. 18.00 til kl. 20.30.**

**Ogs  s ndag 25. mars var UP p  same stad med same type kontroll.**

Resultatet blei nedsl ande, if lge Kyrre.

- Beslagsgrensa for f rarkort i 80-sone er 116 km/t. Me hadde eit tilfelle med 118 km/t og dermed anmelding/f rarkortbeslag.

Ellers fekk 8 forenkla forelegg (f.f) for  vrige fartsbrot, 2 f.f. for forbikj ring over sperrefeltet i Knarholmkrysset (3.200 kr) samt 1 f.f. for f rar som hadde med st rre antall personer i bilen enn tillatt (2.000 kr).

- Det er tydeleg at n r godv ret kjem, aukar farten, seier politibetjenten.

Aksdal-Arsv gen er ein prioritert vegstrekning for Utrykkingspolitiet, og med eit s rskilt fokus p  fart.

## Dugnad langs vegen

May Jorunn Vatnaland

Tirsdag 27. mars hadde speidarane opprydding langs vegen heilt fr 

T ganes til F resvik, gjennom byggefelt og oppom skulen.

Heile 7 fulle sekkar med boss blei samla opp. N  h par me at alle tenker seg om f r sjokoladepapiret blir kasta i gr ftekantene. Nokon m  henta det opp.....

Dette var ein post p  programmet til speidaren for   ta eit merke. Me h par Bokn kan framst  som ryddig og fin for alle.

Bel nninga etter oppryddinga var grilling av p lser p  n rmilj nlegget p  Fyren.



# (: Båt-påske i Sauda :)


Tove A. Hognaland

Så var det igjen påskeferie, og fleire boknarar fann vegen inn til Sauda. For mange er dette ein tradisjon, og så er det nokre som nettopp har "starta" denne tradisjonen....

Sauda Motorbåt Forening (SMBF) har mange gjester i påsken, det var i år ca. 160 båtar. Når ein då reknar på kor mange personar det er i kvar båt, så driv faktisk SMBF eit stort "overnattings-hotellprosjekt" med ca. 600-700 personar!

Dei fleste har med seg bil for å komme seg opp til Slettedalen eller Breiborg og bruke "rett fram"-skiene. Det er mange flotte turar, korte eller lange. Ellers er det buss som går opp til Svandalen (rett frå kaien..) for dei som vil bruke "full-fart"-skiene.

Sauda byr jo på litt andre ting og. Har ein lyst å gå ut og ete, så er det eit par plasser å gå. "Mama Rosa" er ein populær plass. Der blir det servert grillretter, biff, gresk mat, pasta og pizza. Har du med deg litt



"Boknagadå" i Sauda

Årets gjester kom hovudsakleg frå Stavanger, Karmøy, Haugesund og Bokn(!). Alle som vil inn til Sauda til påske må melde seg på til SMBF i god tid i forkant. Når ein då kjem inn til Sauda med båten, har alle fått eit tlf.-nr ein ringer 30 min. frå kai, og då får ein beskjed om kor ein skal ligge.

Folk fra SMBF står på kaien og tar imot kvar enkelt båt. Service!

"småkresne" ungar, så fikser kokken det dei måtte ønske!

Er det ein regnfull og sur dag, så kan ein ta turen til Sauda- hallen. Der er det eit stort og eit lite badebasseng, stupebrett og vannrutsjebane og alle mann blir reine og fine.



Ferie og avslapping!

Litt informasjon om havna, reglement og lokalavisa får ein utlevert av vaktene frå SMBF. Gjennom heile påsken (dag og natt) er det vakter som går runder i havna, dei går brannvakt og ellers ser til at alt går greit føre seg. Mesteparten av gjestene er familiefolk, så det går stille og rolig for seg. I "havnestova" er det eit opphaldsrom, dusjar, toalett, vaskemaskin og tørketrommel som er disponibelt for båtgjestene.

Det var i år 11 båtar frå Bokn som feira påsken i Sauda.

trum har dei og ein kinosal, der blir det sendt film onsdagen, fredagen og sundagen i påskeveka. Det har vore to filmar, ein for barn og ein for ungdom/vaksne, aktuelle filmar som ungane har likt godt.

På ettermiddag/kveldane blir det mykje prat og kaffi på kaien, diskusjonar om dagens og morgondagens aktivitetar, masse båtprat, historiar og båt-motorar som "veks" i str.... Nokon laga bacalao og andra laga vafler. Ungane spring og leikar, alltid ein leikekamerat å finne.

Det er ferie og avslapping!

# Bokns minste lam?

Kjetil Hamre

## På gården til Anders Kro såg eit uvanleg lite lam verda rett før påske.

Når Byggladets utskremde fekk sjå tassinna veide ho kun 900 gram. Anders Kro har aldri sett eit så lite lam som har overlevd.

## Veit du om noko mindre? Bygdabladet ventar spent på svar.

Det sprett livsglad rundt eit nyfødt lam av meir normal storleik og nyt å få strekka på beina.

Etter ei tid er det godt å få ligga hjå matfar og få litt kos. Det ser ut til matfar og synest det er ei hyggestund!



# Bokn sanitetsforening, årsmelding 2006

Bokn sanitetsforening har dette året halde årsmøte og 3 styremøte. Medlemstallet er 96.

## Det vart bevilga midler til:

Kreftfondet	kr. 5.000
Reumatismefondet	kr. 1.000
Psykiske lidelser	kr. 2.000
Forskning barn/unge	kr. 1.000
Barn i Murmansk	kr. 500
Kvinnemed. Forskning	kr. 2.000
Osteoporoseondet	kr. 1.000
Jæren Distriktpsøk	kr. 2.000
Kampen mot narkotika	kr. 1.000

Me har også dette året delt ut sykkelhjelm til 5. kl.-elevane i skulen og helseteppe til alle nyfødde. Alle over 80 år og dei på sjukestova fekk alpefiol til jul.

Til hausttakkefesten var me med og pynta i kyrkja, men hadde ikkje kyrkjekaffi etterpå som året før. Barnebilsetene som me har til utleige er det få som nyttar seg av. Me sponsar pensjonistane, som er medlemmer, med fotpleie.

Foreningen var invitert til Tysvær Sanitetsforening. Dei hadde dått Frans Gisle Hansen som foredragshaldar og han var svært engasjert og interessant å høyre på.

Under Tv-aksjonen i oktober var fem av styremedlemene

med på innsamlinga. Rita Jensen var representant på fylkesårsmøtet på Sandnes. Ingrid Ovidt og Reidar Grønnestad var på seminaret "Det handler om å leve" 3. - 5. nov. Me har også ein representant i prosjektet "Kjekt på Bokn."

Basarinntekter	kr. 53.902
Sal av is	kr. 3.807
Utgifter til fotpleie	kr. 9.680

## Styret har vore samansatt slik:

Inger Sønnøve Bokneberg	Formann
Reidun Grønnestad	Nestformann
Ellen Nedrebø	Styremedl./kasserar
Kari Øvrebø	Styremedl.
Ingunn Våge	Styremedl.
Ingri Ovidt	Styremedl.
Ragnhild Laupland	Styremedl.
Rita Jensen	Vararepr.
Inger Jøsang	Vararepr.
Solveig Kro	vararepr.
Norunn Nordbrekk	Revisor

Solrun Ognøy og Anja Alvestad har starta opp med torsdags-treff. Det er ikkje berre for småbarnsforeldre. Alle som vil ha seg ein luftetur på biblioteket eller elles på kommunekontorene er hjertelig velkomne til sosialt samvær. Saniteten har kaffi og vafler.

# Innskriving på skulen 27. april

Jardar Havikbotn

Desse skreiv seg inn på skulen siste fredag i april:

**Fv. Jacob Andreas Hausken, Madelen K. Hanssen, Sander Aksdal, Endre Øvrebø, Adrian Hesthammer, Sven Jøsang, Tomas Martin Alvestad og Lea Banaszkiwicz.**

Første skuledag blir 16. august.

(Sjå også det store bildet på framsida av bladet).





# Kjekt på Austre Bokn

Reidar Alvestad

**Slagordet Kjekt på Bokn gjeld for alle øyane i kommunen. På Austre Bokn har dei den siste tida hatt både tiltakslyst og optimisme, og har stifta eige Bygdalag. I tillegg har Tåganæs Eiendom rusta opp det gamle handelslaget for utleige med langsiktig kontrakt med Fjord1.**

**Det ombygde handelslaget frå sør. Døra frå allrom/**



**kjøkken vil gå ut til veranda over sjøen som skal setjast opp.**

Søndag ettermiddag den 25. mars kom med den finaste vårdagen ein kunne ynskja seg. På denne dagen hadde Tåganæs Eiendom invitert bygdafolk til det gamle handelslaget for å visa kva som var gjort i 1. etasje til nå. Og det var ikkje småtterti.

To husvære med til saman 5 soverom, to inngangar, to bad, allrom og kjøkken. I tillegg skal det lagast veranda til sjøen på sørsida. Fjord 1 har også opsjon på å leiga 2. etasje når dette blir ledig. Tåganæs Eiendom skal då også setja dette i



**Mange små og store inne i allrom/kjøkken kor det vart servert kaffimat og drikke.**

stand til eit tidsmessig husvære.

## **Sosialt treff for bygda**

Kombinert med visinga av "Nye Tåganæs" hadde selskapet alliert seg med Austre Bokn Bygdalag som hadde hatt årsmøte denne dagen. Etterpå samlast også dei nede på Tåganæs for å sjå på det ombygde handelslaget, og for å treffa sambygdingar. Det var førebudd med kaffi og kaffimat, og det var godt frammøte. Heile bygda var invitert. I farten talde eg bortimot 30 med stort og smått, kanskje kom det fleire.

Formann Helge Solberg og nestformann Tormod Våga i eidegdomsselskapet seier til Bygdabladet at då handelslaget vart oppkjøpt etter nedlegginga, var haldningane nok så lunka i forhold til kva dei skulle kunna få ut av det. Men etter kvart fann dei ut at det var etterspørsel etter husvære i kommunen, og det vart vedtatt å byggja ut før dei hadde underskrive leigekontrakt.

Det viste seg i ettertid at det kom fleire interesserte, men då var kontrakten med Fjord1 i boks. I ettertid av vedtaket om **Husværet i den austre lagerdelen av handelslaget er**



## **ikkje heilt ferdig.**

utbygginga har det berre vore godord å høyra, og ei positiv stemning.

Husværet i lagerdelen av handelslaget var ikkje heilt ferdig, men vil bli klart i april/mai.

## **Bygdalaget har gjort godt**

Kari Christensen er leiar i Austre Bokn Bygdalag med Tormod Våga som nestleiar. Kari seier til Bygdabladet at laget blei stifta i mars i fjor. Det er 55 husstandar på Austre Bokn. Det er god oppslutning om laget, og dei fleste er med. Folk er positive, og dei har mange saker som dei arbeider med. Dei hadde felles St. Hans-feiring i fjor sommar med over 60 frammøtte.

Akkurat nå er dei interesserte i å få til eit nærmiljøanlegg ved Øyrenfeltet. Her er det alt ei fotballøkke som kanskje kan brukast. Ein slik samlingsstad for bygda ville vore bra, særleg som eit tilbod for barn og unge. Det er etter måten mange unge barnefamiljar i denne bygda nå. Dei er i dialog med kommunen om nærmiljøsaaka, og tar sikte å søkja om tippe-midlar neste år.



# Kommunevalet 2007

Jardar Havikbotn

Her er dei politiske partia i Bokn sine lister.



Bygdabladet har fått opplyst at Kyrre Lindanger (AP), Lars Sigmund Alvestad (H) og June Kro (SP) er partia sine ordførarkandidatar. KRF stiller ikkje med ordførarkandidat.

## Det norske Arbeiderparti Antall kandidater registrert: 14

NUM	KANDIDATNAVN	ADRESSE	PNUM	POSTSTED
01 x	Lindanger, Kyrre	Havnavegen 41	5561	BOKN
02 x	Faye, Anne Løvereide	Øyren	5561	BOKN
03	Solberg, Gunnar	Vågavegen 100	5561	BOKN
04	Taraldlien, Elisabet	Boknatunvegen 18	5561	BOKN
05	Kjellesvik, Leif Folke	Grønnestadvegen 622	5561	BOKN
06	Nilsen, Anne L Trosnavåg	Lodavegen 542	5561	BOKN
07	Tollaksen, Elise Marie	Havnavegen	5561	BOKN
08	Øvrebø, Børt Åge	Alvestadkroken 39	5561	BOKN
09	Ognøy, Solrun Anette	Havnavegen 69	5561	BOKN
10	Hosaas, Arne	Fyrvegen 1	5561	BOKN
11	Christiansen, Kaj Arne	Grønnestadvegen 650	5561	BOKN
12	Faye, Marie Løvoll	Fyrvegen 17	5561	BOKN
13	Aksdal, Jon Andreas	Fyrvegen 11	5561	BOKN
14	Faye, Fredrik	Øyren	5561	BOKN

## Høyre Antall kandidater registrert: 15

NUM	KANDIDATNAVN	ADRESSE	PNUM	POSTSTED
01	Alvestad, Lars Sigmund	Driftavegen 4	5561	BOKN
02	Grønnestad, June Susanne	Havnavegen 26	5561	BOKN
03	Larsen, Olav Georg	Krovegen 212	5561	BOKN
04	Bokneberg, Gunnar Emil	Grønnestadvegen 53	5561	BOKN
05	Olaussen, Ann Jeanette S	Leirgrovvegen 40	5561	BOKN
06	Norekvål, Lars Arvid	Leirgrovvegen 27	5561	BOKN
07	Larsen, Jostein Geitung	Leirgrovvegen 18	5561	BOKN
08	Mikkelsen, Sonja Jofrid	Kyrkjebakken 31	5561	BOKN
09	Rossebø, Olav Lande	Leirgrovvegen 21	5561	BOKN
10	Alvestad, Onar	Havnavegen 73	5561	BOKN
11	Svendsen, Marita	Leirgrovvegen 5	5561	BOKN
12	Øvrebø, Einar Tore	Øvrebøvågen 7	5561	BOKN
13	Knutsen, Christian Bottolf	Leirgrovvegen 23	5561	BOKN
14	Ytreland, Janne Elisabeth	Årvik	5565	TYSVÆRVÅG
15	Kro, Finn	Vågavegen 58	5561	BOKN

## Spørsmål frå veljarane

Som for fire år sidan ynskjer Bygdabladet å bidra til at veljarane får eit godt grunnlag for dei bestemmer seg for kva dei skal stemma 10. september.

Me ynskjer også denne gong at veljarane sender inn spørsmål til dei ulike partia og listetoppene.

Sjølv om det er ei stund til valet, har du sikkert allerede no fleire spørsmål du kunne tenka deg å stilla lokalpolitikarane.

For fire år sidan presenterte me heile fem sider med spørsmål og svar. Pågangen vil avgjera om me vil fordela resultatet denne gong. Me satsar på juni og ev. august.

Namnet på spørjararen blir ikkje oppgitt.

Interesserte kan senda spørsmåla sine til

Bygdabladet  
Boknatun  
5561 BOKN

E-post  
jardar.havikbotn  
@bokn.kommune.  
no

SMS  
98 22 15 08

INNAN 10. JUNI

**Kristeleg Folkeparti**  
**Antall kandidater registrert: 08**

NUM	KANDIDATNAVN	ADRESSE	PNUM	POSTSTED
01 x	Hetland, Kari Alise Nesse	Arsvegen 186	5561	BOKN
02 x	Hognaland, Oddvar	Boknatunvegen 12	5561	BOKN
03	Alvestad, Arthur M	Alvestadkroken 21	5561	BOKN
04	Vågshaug, Marie Elin	Føresvikvegen 74	5561	BOKN
05	Pedersen, Rune Grinde	Grønnestadvegen 57	5561	BOKN
06	Alvestad, Svanhild Magnny	Lodavegen 323	5561	BOKN
07	Grønnestad, Odd Magne	Grønnestadvegen 662	5561	BOKN
08	Hetland, Karen	Arsvegen 348	5561	BOKN

**Senterpartiet**  
**Antall kandidater registrert: 17**

NUM	KANDIDATNAVN	ADRESSE	PNUM	POSTSTED
01	Kro, June	Vågavegen 262	5561	BOKN
02	Borgenvik, Ottar Jakob	Føresvikvegen 94	5561	BOKN
03	Grønnestad, Dagny	Grønnestadvegen 622	5561	BOKN
04	Vatnaland, Rune	Leirgrov vegen 19	5561	BOKN
05	Våga, Tormod	Vågavegen 116	5561	BOKN
06	Vatnaland, May Jorunn	Leirgrovvegen 36	5561	BOKN
07	Vågshaug, Harry	Føresvikvegen 74	5561	BOKN
08	Alvestad, Daghild G	Grønnestadvegen 673	5561	BOKN
09	Alvestad, Marianne Lie	Boknatunvegen 20	5561	BOKN
10	Kro, Anita	Vågavegen 100	5561	BOKN
11	Lie, Kjell Frode	Leirgrovvegen 23	5561	BOKN
12	Nilssen, Johannes	Lodenvegen 55	5561	BOKN
13	Jøsang, Iren	Jøsenvågen 44	5561	BOKN
14	Olsen, Roy	Havnavegen 42	5561	BOKN
15	Hetland, Håvard	Arsvegen 186	5561	BOKN
16	Våga, Osmund	Vågavegen 286	5561	BOKN
17	Øvrebø, Erik	Vågavegen 324	5561	BOKN

Humoristisk  
blikk på  
politikk:

**Høyre-mann for døden!**

Den gamle Høyre-mannen lå for døden. Det var klart at han bare hadde få timer igjen. Han samlet hele familien rundt sengen og sa til sin sønn:

– Sønn, ring og meld meg ut av Høyre og inn i Arbeiderpartiet!

– Hva?!?! Utbryter sønnen. Du som har vært Høyre-mann i all din tid? Hvorfor?

– Jo, sa den gamle, jeg skal snart dø, og det er bedre at det dør en arbeiderparti-mann enn en Høyre-mann.

**Kandidat**

– Min onkel var kandidat i stortingsvalget i fjor, sier Lars.

– Jaså, hva gjør han nå da, spør Anders.

– Ingenting, sier Lars. Han ble valgt!

**Bleier**

Vet du hva politikere og bleier har til felles?

Begge to må skiftes av og til, av samme grunn.

Kjelde: Internett

## Skifte på Handelslaget

Jardar Havikbotn

30. april: rett før Bygdabladet blei sendt til trykking stakk Hein Robert Sævlund ned og knipsa eit bilde av handelslagsbestyrar Annbjørn Sunde (th.) på hans siste arbeidsdag før pensjonisttilværet.

Han ynskjer den nye butikksjefen, 28 år gamle Tor Harald Alvestad hjarteleg velkommen.

**Bygdabladet kjem tilbake med meir om dette i neste blad.**



# Kulturkalenderen

- nye arrangement/forandringar blir **utheva** kvar gong -  
- daglege oppdateringar i nettutgåva -

## MAI

**05. Hagedag på skulen kl. 11.00 - 16.00 Sjå s. 24**

06. Normisjonen, Bedehuset kl. 19.30

08. Formannskapsmøte

11. Kino i auditoriet

13. Gudsteneste kl. 11.00 - Konfirmasjon

**17. Gudsteneste kl. 10.30 - sjå elles midtsidene**

**18.-20. Troppstur til Vågholmen, arr. speidarane**

20. Ekornspeidar kl. 15.00 i Humraparken

24. Soknerådsmøte på Bedehuset kl. 19.00

27. Gudsteneste kl. 19.00 - 1. pinsedag

31. Bokn pensjonistforening i Allrommet kl. 17.30

## JUNI

03. Gudsteneste kl. 11.00 - Felles Tysvær-Bokn ute i Loten

05. Formannskapsmøte

06. Basar på skulen kl. 19.00, arr. Saniteten

08. Kino i auditoriet

10. "Øyastemnet" på skulen, arr. Bokn musikkorps

10. Gidion-møte, Bedehuset kl. 19.30

17. Ekornspeidar kl. 15.00, Eventyrgarden på Are

17. NLM-møte, Bedehuset kl. 19.30

19. Kommunestyremøte

21. Gudsteneste kl. 11.00

22. Siste skuledag før sommarferien, Bokn skule

23. Kretsmeisterskap i Trial, arr. Bokn idrettslag

23. St. Hans-feiring, Alvestad nærmiljøanlegg, arr. speidarane

24. Gudsteneste kl. 11.00

## JULI

**07. Marknadsdag på kaien i Føresvik**

15. Gudsteneste kl. 19.00

## GYMSALTMEPLAN, KVELD

DAG	AKTIVITET	KLOKKESLETT	ANSVARLEG
Måndag	Fotball G8 og G9 Bokn musikkorps	16.45 - 17.45 18.00 - 22.00	Rannveig Foss/Atle Jøsang Lillian Grønnestad/Jardar Havikbotn
Tysdag	Danseskule	13.15 - 18.00	Wendy Riber
Onsdag	Fotball G7 Fotball J10 og J12 Fotball G13	17.00 - 18.15 18.15 - 19.30 19.30 - 21.00	Roger Jøsang Louis Medhaug Arild Nilssen/Steeven Høyland
Torsdag	Danseskule Fotball G11 Volleyball, ungdom Volleyball, vaksne	14.00 - 17.30 17.30 - 19.00 19.00 - 20.00 20.00 - 22.00	Wendy Riber Leif Kjellesvik Rita Jensen Atle Jøsang

## Me gratulerer!

Me vil gratulera **farmor/ mamma/svigmor** med dagen 22. april

Vil også gratulera **Agnar Sæbø** med 75 års dagen 26. april

**Hilsen Sander, Tor Inge og Mona**



Tittei!

Eg vil gratulera bestevennen min, **Henrik O. Våge** med 1 års dagen så va 1. april

**Goe klem frå na Thea**



Me vil gratulera **god-jentå våres** med 1 års dagen så va 15. april

Kjempeglad i deg!

**Kos og klem frå mamma, pappa, Emilie, Kenneth, mormor & morfar**



Vi vil gratulere **Trym** med 1 års dagen den 22.05

**Hilsen mamma, pappa og Simmen**



## PROGRAM 17. MAI 2007

- 06.30 Salutt frå Boknafjellet
- 08.00-10.00 Frukost på Sjøhuset i Alvestadkroken v/9. klasse
- 10.30** Gudstjeneste i Bokn kyrkje
- 11.15 Oppstilling til folketog Folketoget går frå kyrkja, **veg om barnehagen til framsida av Boknatun**
- 11.40 Musikkorpsset spelar ved Boknatun og går deretter ned til Førsvik kor det er kappproing.
- 12.00 Kappproing i Førsvik
- 12.00 Kiosksalet startar
- 13.15 På skulen: Velkommen ved ordførar Svein Ove Alvestad  
Allsong - Mellom bakkar og berg  
Appell v/ungdomskuleelevar
- 13.45 Matsserveringa startar
- 14.30 Leikar for barn og vaksne
- 15.45 Barnekoret syng
- 16.00 Trekningar – premieutdeling  
Avslutning – Allsong: Ja vi elsker.

- Bokn musikkorps  
BORK  
Bokn båtforening  
Bokn skyttarlag  
Speidaren  
Bokn idrettslag  
Bokn hagelag  
Bokn Røde Kors  
Havnavegen velforening  
Hegren sportsdanskseklubb  
Arskroen kro og gardsmat
- korpemusikken, tombola, pil- og ballkast  
- barnering  
- kappproing i Førsvik  
- luftgeværskyting  
- karusell  
- trial, leiker for born/spikringskonkurranse  
- pynting  
- kiosksal  
- lykkehjul  
- "fisking"  
- middagsservering

## PROGRAM FOR FOLKEFESTEN 17. MAI 2007

- 19.30 Folkefest på Bokn skule
- Velkommen v/Wenche Havikbotn,  
17. mai-komiteén
- Allsong – Ja vi elsker
- Festtale ved Reidar Pedersen
- EMBLA underheld
- Danseoppvising, Hegren sportsdanskseklubb
- Matøkt m.m
- "T ord i bilder" ved Kjetil Hamre
- Avslutning med allsong – Fedrelandssalmen
- Inngangspenger: kr. 100,-  
Barn: kr. 50,-

## VEL MØTT TIL EIN FIN NASJONALDAG

Helsing 17. mai komiteen 2007



# 17. mai 2007

I toget/ved sjukestova

## NORGE I RØDT, HVITT OG BLÅTT

Hvor hen du går i li og fjell en vinterdag,  
en sommerkveld ved fjord og fossevell,  
fra eng og mo med furutrær,  
fra havets bryn med fiskevær  
og til de hvite skjær,  
møter du landet i trefarvet drakt,  
svøpt i et gjenskinn av flaggets  
farveprakt.

Se, en hvitstammet bjerk oppi heien  
rammer stripen på blåklokker inn  
mot den rødmalte stuen i veien;  
Det er flagget som vaier i vind.  
Ja så hvit som det hvite er sneen,  
og det røde har kveldsolen fått,  
og det blå gav sin farve til breen,  
det er Norge i rødt, hvitt og blått.

En vårdag i en solskinnstund på benken i  
Studenterlund der sitter han og hun,  
to unge nyutsprungne russ, to ganske  
nylig tente bluss,  
i tyve grader pluss.  
Hun er som en gryende forsommerdag  
som farves av gjenskinnet fra det norske  
flagg.

Ja, så hvit som det hvite er kjolen,  
og så rødt som det røde hennes kinn,  
hennes øyne er blå som fiolen,  
hun er flagget som vaier i vind.  
Han har freidig og hvitlugget panne,  
og en lue i rødt har han fått.  
Med en lyseblå tiltro til landet  
står vår ungdom i rødt, hvitt og blått.

## FEDRELANDSSALMEN

1. Gud signe vårt dyre fedreland,  
og lat det som hagen bløma!  
Lat lysa din fred frå fjell til strand,  
og vinter for vårsol røma!  
Lat folket som brøder saman bu,  
som kristne det kan seg søma.

2. Vil Gud ikkje vera bygningsmann,  
me fäfenget på huset byggja.  
Vil gud ikkje verja by og land,  
kan vaktmann oss ikkje tryggja.  
Så vakta oss, Gud, så me kan bu  
i heimen med fred og hyggja!

3. No er det i Norge atter dag  
med vårsol og song i skogen.  
Om sædet enn gror på ymist lag,  
det brydder då etter plogen.  
Så signe då Gud det gode såd,  
til groren ein gong er mogen!

Toget etter oppstilling/ved sjukestova

## NASJONALSONGEN

1. Ja vi elsker dette landet  
som det stiger frem,  
furet, værbitte over vannet  
med de tusen hjem,  
elsker, elsker det, og tenker  
på vår far og mor  
og den saganatt som senker  
drømme på vår jord,  
og den saganatt som senker,  
senker drømme på vår jord.

5. Norske mann i hus og hytte,  
takk din store Gud!  
Landet ville han beskytte,  
skjønt det mørkt såg ut.  
Alt hva fedrene har kjempet,  
mødrene har grett,  
har den Herre stille lempet,  
så vi vant vår rett.  
Har den Herre stille lempet,  
så vi vant, vi vant vår rett.

6. Ja vi elsker dette landet  
som det stiger frem,  
furet værbitte over vannet,  
med de tusen hjem.  
Og som fedres kamp har hevet  
det av nød til seir,  
også vi, når det blir krevet  
for dets fred slå leir.  
Også vi, når det blir krevet  
For :: dets fred :: slå leir.

Etter oppstilling/ved sjukestova

## KONGESONGEN

Gud signe vår konge god  
Sign han med kraft og mot  
Sign hjem og slott!  
Lys for ham ved din ånd  
knytt med din sterke hånd  
hellige troskapsbånd  
om folk og drotti!

Allsong på skulen

## MELLOM BAKKAR OG BERG

Mellom bakkar og berg utmed havet  
heve nordmannen fenge sin heim,  
der han sjølv heve tuftene grave  
og sett sjølv sine hus oppå deim.

Han såg ut på dei steinute strender;  
der var ingen som der hadde bygt.  
"Lat oss ryddja og byggja oss grender,  
og så eige me rudningen trygt."

Han såg ut på det bårute havet:  
der var ruskt å leggja ut på;  
men der leikade fisk ned i kavet,  
og den leiken, den ville han sjå.

Fram på vinteren stundom han tenkte;  
Gjev eg var i eit varmare land!  
Men når vårsol i bakkane blenkte,  
fekke han hug til sin heimlege strand.

Og når liene grønkar som hagar,  
når det laver av blomer på strå,  
og når netter er ljose som dagar,  
kan han ingen stad venare sjå.



# Bygdabladet for 20 år sidan

Frå nr. 3 1987

## BOKN VEVSTOVE

Det høver godt for Bokn vevstove med ein presentasjon av verksemda og historia si akkurat i desse dagar.

Me rundar våren 1987 det fyrste store runde året for verksemda vår.

Det er i desse dagar 10 år sidan me fyrste gongen kom saman på Kykjebygd skule for å prøve å få til drift av ei vevstove. Vevar hadde me då ikkje, men det viste seg at fleire av dei som var med denne fyrste kvelden, hadde vevar sjølv og visste om fleire vevar rund om på øya vår som dei trudde dei kunne få låne.

Det var ikkje bare "god tru". Kort etter denne kvelden hadde me 12 vevar me kunne bruke, og det fyrste vilkåret for å få dette til var oppfylt. Det er fleire ulike storleikar på vevane å me har difor hat høve til å setje opp mange ulike vevnader.

I dei 10 siste åra som er gått sidan starten har det vore mange med interesse for veving i verksemda vår. Ei gruppe på 15 medlemmer har vore med jamt over heile tida, men ved å gå gjennom medlemslistene for desse 10 åra, viser det seg at 50 "vevkjerringar" har vore innom for lengre og kortare periodar, og me veit det er mange meter filleryer, åklede, løparar, dukar, og skjerf rundt om i heimane på Bokn som er blitt til i vevstova vår.

Akkurat nå er me i gang med oppussing av kjøkkenet på "Gamleskulen". Etter at den verste kulda var over etter jul, har me

vore i gang med malarkosten på dei faste møtekveldane våre som er onsdagen. Måle vårt er å få lokalet i stand og vevane oppsett i vår og med det vere i god stand til ein aktiv haust.

Me er godt nøgde med dei nye lokala våre, det er lyst og trivel på toppen av "Gamleskulen" både skap og hyller er det flust av, og det høver seg godt for os med mykje spolar, nøster, hesplar og anna vevutstyr.

For deg som ikkje kjenner til korleis me driv til vanleg kan eg kort fortelje det slik: På dei faste møtekveldane våre diskuterer me like ting me vil veve, vel garn og fargar og får dette frå Husfliden. Deretter går det vidare arbeidet litt på omgang.


Arbeidet med renning og oppsetjing krev litt erfaring, men det er mykje som sjølv nybegynnarar kan vere med på.

Når det er klart for veving set me ofte opp liste over kva rekkefølje ein vil veve og kvar og kvar enkelt kan då gjere dette når det må passe, gjerne utanom den første møtekvelden. Me møtte ikkje berre opp for å veve, men og for det sosiale samværet. Samtalane om mykje anna husflid og handarbeid har gitt kvar enkelt av oss mange gode idear. Kontingenten er kr. 100,- pr. år som me nyttar til faste utgifter som straum og til å ha høve til å ha et lager av garn og evt. reparasjonar av vevar og utstyr.

Me vil gjere kjent når me er komen i gong med arbeidet att, og då ynskjer me nye interesserte hjarteleg velkomne.

Med helsing Ingjerd Thuestad  
for Bokn vevstove

## På kino 11. mai



7 år



**Hva foregår egentlig på en bondegård når bonden snur ryggen til?**

Otis er en festglad ku som liker å synge, danse og tulle med menneskene på gården.

I motsetning til faren Ben, som er gårdens respekterte patriark, og det gammelkloke muldyret Miles, er Otis likeglad med å holde dyrenes menneskelige talenter hemmelige. Men da han plutselig blir nødt til å ta ansvar, må Otis finne lederen i seg selv.



Alle



**Det regner i London. Mr Bean trekker første gevinst i et kirkelotteri og vinner en tur til den franske Riviera, inkludert et videokamera.**

Mr Beans ferie begynner.....

*Alt er helt håpløst. Mister pass, togbillet, penger på en snau halvtime. Er det mulig? Men allikevel er den utrolig underholdene. Jeg holdt på å le meg i hjel noen ganger. Andre ganger tenkte jeg: For en idiot. Rowan Atkinson's MR. Bean, er en klassisk figur, som det går an å se mer en en gang!*

Gutt 17 år



## Volleyball for alle!

### 17. Mars var me på Ølenscup for vaksne.

Me var seks stykker som reiste med middels forventningar.

Det heile starta med at me blei kjørte i senk i første sett, men klarte å stavra oss på beina etter den første skrekken og vann eit sett. Dessverre var ikkje dette nok, me tapte denne kampen, men vann dei neste slik at me til slutt fekk 2. plass i vår kategori som var mosjonsklassen.

**Dei som var med denne dagen var bak fv.Kristian Våge, Øystein Odland, Knut Helge Furseth, Rita Jensen, Mariann Kallevik Hansen og minstemann (utan at det hadde noko å bety for kvalitetane hans) Wolfgang Ognøy.**

Rita Jensen



## HEIMEKAMPAR, FOTBALL 2007

23.04	(12/14)	Bokn - Stegabergh	22.08	(G9)	Bokn - Djerv 1919 5
24.04	(J12)	Bokn 5er - Ferkingstad	22.08	(12/14)	Bokn - Falkeid
01.05	(G11)	Bokn IL - Førland	28.08	(J12)	Bokn 5er - Haugar
02.05	(G7)	Bokn - Djerv 1919 5	29.08	(G8)	Bokn - Djerv 1919 2
07.05	(12/14)	Bokn - Kopervik 2	29.08	(J10)	Bokn 5er - Haugar 2
08.05	(J12)	Bokn 5er - Kopervik 2	29.08	(12/14)	Bokn - Haugar
09.05	(G9)	Bokn - Falkeid	05.09	(G7)	Bokn - Falkeid
15.05	(G11)	Bokn IL - Skjoldar 5er	10.09	(12/14)	Bokn - Torvastad
16.05	(G7)	Bokn - Kolnes	11.09	(J12)	Bokn 5er - Nord
16.05	(G8)	Bokn - Falkeid	12.09	(G9)	Bokn - Haugar
22.05	(J12)	Bokn 5er - Skudenes	12.09	(J10)	Bokn 5er - Djerv 1919 2
23.05	(G9)	Bokn - Nedstrand	18.09	(G11)	Bokn IL - Djerv 1919
23.05	(J10)	Bokn 5er - Avalsnes 2	19.09	(G7)	Bokn - Vard Haugesund 2
29.05	(G11)	Bokn IL - Vard Haugesund 5	19.09	(G8)	Bokn - Førland
30.05	(G7)	Bokn - Haugar 4	24.09	(12/14)	Bokn - Djerv 1919 2
30.05	(G8)	Bokn - Vard Haugesund 9	25.09	(J12)	Bokn 5er - Torvastad 2
05.06	(J12)	Bokn 5er - Åkra 2	26.09	(G9)	Bokn - Kolnes 2
06.06	(G9)	Bokn - Nord	26.09	(J10)	Bokn 5er - Kopervik 2
12.06	(G11)	Bokn IL - Kolnes	02.10	(G11)	Bokn IL - Falkeid
13.06	(G8)	Bokn - Kolnes	03.10	(G8)	Bokn - Haugar
13.06	(J10)	Bokn 5er - Stegabergh	10.10	(G9)	Bokn - Skjold
18.06	(12/14)	Bokn - Vard Haugesund 2	16.10	(G11)	Bokn IL - Skjold

## Kampen om Vikingskipet

Tekst: May Jorunn Vatnaland - foto: Knut Ivar Alvestad

Ca. 150 store og små speidarar var lørdag 21/4 samla på Bokn. Konkurransen var i år lagt til området rundt Petra og kyrkja. 22 patruljer kjempa om å vinne de gjeve pokalane.

Det er kjekt å sjå kor ivrige speidarane er. Sjølv om det er både vått og kaldt ute, så står de på. Vinnarinstinktet er tilstades i alle gruppene.

Klokka 24 lørdag kveld var det ei fullsatt kyrkje med spreke ungdommar, som var glad for ein kvil. Arne Aurdal var sporty og stilte opp med nokre vise ord til avslutning, men først var det diplom og premieutdeling.

Det var i år igjen Bokn som stakk av med alle pokalane. Marius Sunde si patrulje vann 3. plassen. Silje Eide si patrulje fekk 2. plass og **Vilhelm Våga si patrulje (bildet)** stakk av med 1. plass, og fekk dermed Vikingskipet i år.

Igjen Tusen Takk til alle som stiller, både som frivillige postmannskap, dei som stiller både hus og grunn til disposisjon.

Tusen takk for lån av Petra-lokalene, sist, men ikkje minst Tusen takk til alle aktørane.





# Prøveprosjekt på kulturlandskapsskjøtsel

Reidar Alvestad

Starten på eit prøveprosjekt i kulturlandsskapskjøtsel kor ein den 27. mars skulle ha kontrollert avbrenning av lyng og kratt i Sandvikaområdet, enda opp med at uventa vind sette fart i flammene slik at det ei stund var fare for at skogen og ei hytte i området var i fare. Til slutt kom det forsterkingar til, og dei fekk kontroll over flammene.

**Hindra framtidig oppgroing**



**Fv. Jan Egil Frette frå landbrukskontoret og Geir Arne Eriksen som seinare skal ha sauer i området.**

I eit samarbeid mellom Tysvær landbrukskontor, Haugaland Landbruksrådgivning (forsøksringane) og bønder i distriktet, ynskjer ein å stoppa og halda i sjakk noko av den aksellererande oppgroinga i kulturlandskapet som har gått føre seg dei siste tiåra. Det har difor vore kurs innafør dette området fjor haust som nå skulle få praktisk oppfølging.

Det er spesielt brake og kratt som brer om seg i utmarka. Jan Egil Frette ved landbrukskontoret i tysvær som også dekker Bokn, seier til Bygdabladet at avbrenninga denne dagen er planlagt med brannvesenet i Bokn til stades i tilfelle noko uforutsett skulle skje. Og då brannen spreidde seg, fekk ein forsterkingar også frå Tysvær brannvesen, og det heile kom heldigvis under kontroll.

Også Per Helle frå jordbruksskulen på Tveit var med. Han er faglærer der, og har vore med på mykje arbeid innafør dette feltet. M.a har dei svidd av mykje lyng i utmark på Toftøy. Han instruerte dei frammøtte både korleis dei skulle gå fram når dei sette fyr, og korleis dei skulle bruka sløkkereidskapen.

## **Sauer i området**

På eit område frå Sandvika til Oksebåsen er det plan-



**Faglærer Per Helle frå landbruksskulen på Tveit demonstrerer sløkking.**

Isgt eit prosjekt med beiting av sauer kor Geir Arne Eriksen frå Grinde skal bruka eit 7–800 mål stort område. Etter nedbrenninga meiner ein at sauene vil kunna halda vegetasjonen meir i sjakk.

Det er 3 eigarar i området, nemleg Jens Morten Vatnaland, Dagfinn jørgensen og Magnus Vågshaug. Området skal gjerast inn ved E39 som blir grensa i vest.



**Brannen får godt tak.**

Planen er då å brenna av lyng, brake og kratt først, og dette vil skje etappevis. Første forsøk viser at dette ikkje er så enkelt sjølv om fagfolk deltar. Men det vil vel ordna seg etter kvart, og øving gjer meister, som det heiter.

**Bygdabladet vil koma tilbake til dette prosjektet.**

Når **kusommen** blomstre blir det uro på båsen!  
Nautå lyfte på halen "me vil'kje ver her.  
Me vil ut i graset, det e der det skjer.  
For kusommen blomstre i åsen!"

Når **kusommen** blomstre e det liv laga!  
Homlå flyr te homlå flyr fra  
I ein dag så blei ganske bra.  
Graset står grønt ront ei kukaga!

Kjetil Hamre

# Døde etter kollisjon på Boknasundbrua

Jardar Havikbotn

**Leif G. Hansen frå Bokn døde på Stavanger Universitetssjukehus (SUS) etter at han blei alvorleg skada i ein front-til-front-kollisjon søndag 22. april.**

Politiet fekk melding om ulukka kl. 19.39. UP hadde laserkontroll sør for avkøyringa til Føresvik og var svært raskt på staden med tre mann. Raske var også Bokna-ambulansen og Bokn brannvesen. Dei gjorde ein veldig god jobb med å frigjera boknaren som sat fastklemd i bilvraket.

Mannen i den andre bilen blei også skada i ulukka og frakta i ambulanse til Haugesund sjukehus. Mennene var åleine i bilane.

Det oppstod lange køar på begge sider av brua, men utover kvelden blei det eine køyrefeltet rydda og trafikken dirigert forbi åstaden. Omlag kl. 22.30 avslutta politiet åstadsgranskninga og begge køyrefelta blei opna.



**Luftambulansen var raskt på plass og flaug boknaren til SUS.**

**Foto: Privat**

Då kom også den triste meldinga frå SUS om at boknaren var død, den andre frå Bokn som mistar livet gjennom sterkt trafikkerte E39.

## Politikk

### Frå formannskapsmøtet 13. mars

Sak 16/07

**Avtale mellom Bokn Plast A/S og Bokn kommune om feste av regulert industriområde gnr. 9 bnr. 3**

**Formannskapet sitt vedtak:** Bokn formannskap godkjente framlegg til bygslingavtale datert 7. mars 2007 mellom Bokn Plast as og Bokn kommune.

Sak nr. 17/07

**Kjøp av eiendom til tilleggsareal, gnr. 9 bnr. 93**

**Formannskapet sitt vedtak:** Formannskapet går i mot et salg av del av gnr. 9, bnr. 93, slik som omsøkt. Utnyttelsen av eiendommen må sees i sammenheng med den vidare boligutbyggingen som reguleringsplanen og kommuneplanen legger opp til.

### Frå formannskapsmøtet 10. april

Sak nr. 24/07

**Stiftelsen Polytec**

**Formannskapet sitt vedtak:** Det blei vedtatt å slutte seg til vedlagte framlegg til nye vedtekter for Stiftelsen Polytec.

Sak nr. 26/07

**Prosjektlearstilling, Kjekt på Bokn**

**Formannskapet sitt vedtak:**

1. Bokn formannskap vedtek å inngå avtale med Norconsult om prosjektleiing/ prosjektstyring og utarbeiding av skisser/illustrasjonsplaner etter behov i samband med prosjektet "Kjekt på Bokn" i samsvar med tilbod av 5. mars 2007.
2. Avtalen ses i samanheng med tidlegare inngåtte avtale om bistand til Bokn kommune med plan-arbeid, utredningar og saksbehandling i ein periode med redusert bemanning i seksjon teknisk.
3. Oppdraget gjennomføres etter medgått tid, med fylgjande rammer:
  - a. Tilrettelegging på og ved Boknafjellet. Utarbeiding av skisse-/illustrasjonsplan.
  - b. Utvikling av nærmiljøanlegg og museumsområde ved Alvestad. Utarbeiding av skisse/illustrasjonsplan.
  - c. Stedsutvikling i Føresvik. Utarbeiding av skisse-/illustrasjonsplan.
  - d. Synliggjeri Bokn ved E39 - "Portal Bokn" Utarbeiding av skisse-/illustrasjonsplan
    - i. Øvre ramme pkt. a,b,c og d ca. 220 timar; kr. 180.000,- eks. mva
  - e. Powerpointpresentasjon - øvre ramme 25 timar; kr. 20.000,- eks. mva.
  - f. Prosjektleiing april - januar 2008 - øvre ramme 120 timar; kr. 100.000,- eks. mva.
4. Utgifter som reiseutgifter vert dekket etter Statens satsar, og andre dokumenterte utlegg dekkes på basis av faktiske kostnader utan påslag, etter at kommunen har akseptert bestillingen.

Dei samla kostnadene begrensa opp til kr. 350.000,- vert dekket av avsette midlar til prosjektet "Kjekt på Bokn".

Kjeket på Boken

## Matkurs

Kjeket på Boken

Tekst: May Jorunn Vatnaland - foto: Olav L. Rossebø



To fredagskvelder har det vært kjeket på Boken....

Ja, nå må det sies at det faktisk stort sett er kjeket på Boken i det daglige og.

Det som var det spesielle disse to fredagane var at det ble arrangert matkurs i regi av "Kjeket på Boken"-prosjektet.

Dette var et matlagingskurs med den dyktige kokken **Finn Lothe** fra Lothe Mat og Vinhus.

Første fredagen var det litt misforståelse da kokken med en feiltagelse kalte det-

te for husmannskost.

Den som trodde han skulle lage trøndersodd og lefse, han tok skikkelig feil.

Her var det fin selskapsmat på menyen, og stemningen var topp.

Siste kurset var undertegnede med på, da var det Gourmetkurs.



**Fh: Sonja Mikkelsen, Tove Hognaland og Åse Helen Alvestad får gode råd av kokken.**

Menyen her var det ingenting å si på, hele fem retter som besto av både fisk og kjøtt.

Først var det Suldals spekeskinke servert med salat og Haukeli-Chevre og kuvertbrød, så var det ovnsbakt kongekrabbe med asparges og eplecidersaus, videre var det kveite fra Ryfylke med tomatkompott og en nydelig saus "Beurre Blanc".

Hovedretten var Rosastekt andebryst servert med phy-linser, søtpotet puré, rødvin-sjy og duchesse-poteter.

Det hele ble avrundet med nydelig sjokolade-fondant med vaniljesaus og marinerte skogsbær- og bjørnebær-coulie.



Her

var

**Forretten er servert: Suldals spekeskinke servert med salat og Haukeli-Chevre og kuvertbrød.**

det ingen enkle Toropose-løsninger, alt ble laga fra bunnen av og med fineste råvarer.

Det var ca. 20 på hvert kurs, stemningen og lydnivået

var ganske høyt. Vi ble delt inn i grupper, så her



**Fv: Wenche L. Havikbotn og Åse Helen Alvestad er klare til å legge opp ovnsbakt kongekrabbe med asparges og eplecidersaus.**

gjaldt det om å samarbeide godt, både om meny og gryter.

Finn Lothe var både dyktig og morsom på samme tid. Høydepunktet var selvsagt da alt skulle serveres.

Tviler på at noen forlot skulekjøkkenet sultne den kvelden.

Etterspørselen etter kursene var stor, og beklageligvis var det flere som ikke fikk plass.

Det kan være det blir anledning for disse til høsten. Er dere glad i å lage og spise god mat, så vil jeg råde dere til å melde dere på om det byr seg en ny sjanse.

# Bokn-broderiet

Hein Robert Sævlan

Som dei fleste av oss veit vart det funne eit sjal i Kro på Austre Bokn for ei tid sidan. Dette sjalet vart seinare inspirasjon til Bokn sin eigen versjon av Rogalandsbunaden, og nå som konfirmasjonstida og 17. mai nærmar seg passar det godt med ei lita historie om "Bokna-bunaden".

## Lyst og mørkt

Det første eg gjorde var å ringa til Nordaker Bunader a.s som har laga ein bunad av broderiet som var på sjalet. Der vart eg opplyst om at sjalet hadde to sider som det vart spekulert på om vart brukt i forskjellige samanhengar. Den eine sida var lys og hadde muntre fargar mens den andre hadde mørke og dystre fargar. Dette har reist speulasjonar om at den eine sida vart brukt i festlege samanhengar, mens den andre t.d. vart brukt i gravferder.

Bokn-sjalet er visst det einaste sjalet funne i Rogaland som har broderi på begge sider. Dette betyr ikkje at det var sjeldant, for m.a. i Østfold har det blitt funne liknande sjal. Sjølve typen sjal var veldig vanleg rundt om 1840, noko som historikar Birger Lindanger kan bekrefte. Eg snakka og med Norsk husflidslag (som er ei sy- og husflidsforeining) og fekk bekreftelse frå dei og.

Sjølve "Boknabunaden" er ein av 7 - 8 versjonar av Rogalandsbunaden, der Bokn-broderiet er det nyaste.

Boknaversjonen av Rogalandsbunaden er enno lite kjend utanfor bunadmiljøet i Rogaland og Bokn, og det er veldig lite informasjon å komma over, men dette endrar ikkje på at den er ein svært vakker versjon av Rogalandsbunaden.

Viss nokon er interessert i å kjøpa ein slik bunad kan de kontakta Nordaker Bunadar a.s på tlf. 52 72 49 07 i Haugesund eller 52 89 70 40 i Stavanger. Dei har også butikkar på Bryne og i Åkrehamn.

Det offisielle namnet på bunaden er *Rogalandsbunad med Bokn-motiv*.



Her se me ei dame i Boknabunaden. Jenta på bildet har på seg Jelsabunaden.

Foto: Nordaker Bunader a.s

## Det minkar på kommunale tomter

Reidar Alvestad

**Det er for tida berre 3 ledige bustadtomter på det nye bustadfeltet rett vest for Boknatun. På Øyrenfeltet er det 6 tomter ledige.**

Øyrenfeltet inneheld til saman 25 tomter. På nokre av desse er det bygd tomansbustader, men dei fleste er for einbustader.

Elles er det totalt 11 tomter på Føresvik bustadfelt. Her vil det også bli bygd ein miks av einbustader og andre bustader i rekke. Der ein er komen lengst, er ein tomansbustad og ein firemannsbustad sør i dette feltet.

### Fyrvegen neste

Det tar tid å få klargjort eit byggefelt. På eit beiteområde på nord-sida av Fyrvegen, er det i kommuneplanen lagt inn eit område for framtidig bustadfelt. Her er det imidlertid avtaler og arbeid som står att før det er regulert som bustadfelt.

Føresvik bustadfelt 27. april: Rekkehusa har begynt å koma opp.

Foto: JH



# Musikalsk vårteikn

Jardar Havikbotn

## Ei fast spile på det kulturelle årshjulet i Bokn er Musikorpset sin vårkonsert.

Ein regnfull og tåkete søndag 22. april sørger for godt konsertvêr og eit lydhøyrte publikum i ein full gymsal. Aspirantane opna showet med ei lita avdeling, som slutta med at dei var solistar med skulekorpset i "Spania".

Me fekk høyra fire stykker til av skulekorpset. Her varierte det frå "Byggmester Bob", via musikalmusikk til marsj. Dirigenten var nøgd med opptrinnet.

Det har også blitt tradisjon med innslag frå musikkskule-elevar. Åtte stk. spela piano denne gong, og som konferansiêr Odd Grønnestad sa etter innlaga:

- Det ser i alle fall ikkje ut som om Bokn får problem med pianistar i framtida.....

Bokn brass hadde si avdeling etter mat og drøs. Korpset kan nå, med sitt samarbeid med "Rustne horn" på Førland (25

stk. til saman), tilby publikum større repertoarvariasjon med større vanskelighetsgrad enn på mange år.

Brassbandet framførte denne gongen fleire musikkstykker som har ligge i arkivet sidan 1980-talet. Tilhøyrarane fekk servert både originalskrive korpsmusikk, musikk for tuba og brassband og norsk nasjonalromantisk musikk. Det siste som ein hyllest til Edvard Grieg, som døde for hundre år sidan.

Det vanka blomar til aspirantinstruktør Wenche L. Havikbotn, skulekorpssdirigent Lillian Grønnestad, musikk- og kulturskulelêrar Venevil Birkelund, bass-solist Svend Egil Håvardsen og underskrivne som dirigent for vaksenkorpset.



Bokn brass/Rustne horn

Foto: Ragnhild Laupland



Bokn skulekorpset

9. Klassingen Vilhelm Våge var eldstemann blant musikkskule-elevene.



## Kommunal informasjon

# Musikk fra livets begynnelse

Jardar Havikbotn

## På måndags føremiddag musiserer seks damer og fem babyar saman i Allrommet på Boknatun. Det handlar om "Musikk fra livets begynnelse".

Denne våren har Musikk- og kulturskule kurs i emnet. Lêrar er Venevil Birkelund, som er med i "Foreningen Musikk fra livets begynnelse" og som også har slike kurs i Vindafjord kulturskule.

"Foreningen Musikk fra livets begynnelse" er ein landsomfattande organisasjon, starta i 1990, som ynskjer å fremma bruken av song og levande musikk i heimen.

Hovudmålet deira er å virka til at barn får eit aktivt og positivt forhold til levande musikk, frå starten på livet.

Song og songleikar har alltid vore eit sjølv-sagt og viktig språk mellom barn og vaksne. Foreninga jobbar for at den levande songen og leiken ikkje skal forsvinna i vår moderne tid.

Venevil er opptatt av å halda liv i det musiske språket, både for barn og vaksne, og er glad for at denne aktiviteten blei ein realitet i Bokn.

Musikk- og kulturskulelêraren legg vekt på folkemusikk og brukar gjerne rim, regler, båndullar og stev i undervisninga - i tråd med foreninga sine retningslinjer.

Mor, far eller andre omsorgspersonar sin stemme og kropp i rytmisk aktivitet, song og leik - betyr tryggleik og glede for barnet.



Då eg var oppom var fh. Elise Marie Tollaksen med Tuva, Henriette S. Lindanger med Albert, Venevil Birkelund og Unni Høivik med Eiril til stades. Kjersti Sæhle med Vilde Marie og Daghild G. Alvestad med Johannes blei med seinare.

Musikken er også eit viktig kommunikasjonsmiddel for dei små. Gjennom musikken kan barnet meddela seg til omverda og få svar, også før det kan forstå eller uttrykka seg med ord.

Kjelde: "Foreningen Musikk fra livets begynnelse"

## Informasjon om legetenesta

### Bokn kommune held fram med samarbeidsavtalen med lege Attila Fazekas.

Dr. Fazekas har kontor i 2. etg. i Aksdal Senter. Hovudinggangen til senteret er ope frå kl. 07.00 om morgonen. Sjølv inngangen til kontoret er ved politistasjonen, opp trappa mellom bokhandelen og sportsbutikken. Det er trappeheis som kan nyttast ved behov.

**Opningstid: mandag, onsdag, torsdag og fredag kl. 08.00 - 15.30**

**Tirsdag** er Fazekas på helsestasjonen, men telefonen er betjent av helsepersonell mellom kl. 09.00 og 14.00. (Han kan avhjelpe med resepter eller øyeblikkelig hjelp ved behov)

Mandag er framleis dr. Nemeth vikar.

**Telefonnummeret til kontoret er 52 77 77 20.**

Vi kjenner til at mange som har fastlege i Bokn er blitt tilbydt å gå over til Elisabeth Mattson i Tysvær. Om mange boknarar følgjer denne oppmodinga, vil det øydelegge grunnlaget for drifta ved legekantoret i Bokn. Avtalen med Fazekas inneber at vi, den dagen det begynner ny kommunelege i Bokn, har pasientgrunnlaget intakt.

Vi får prøve å klare oss så godt vi kan så lenge, og er det noko sjukepleiarane på legekantoret eller eg kan hjelpe dykk med, ta kontakt.

**Er det elles noko de lurar på når det gjeld legeordninga, kan de ringa meg på tlf. 52 75 25 34 eller 98 22 15 03**

## Kulturprisen 2007

### Bokn kulturkontor ynskjer forslag på kandidatar til kulturprisen 2007.

Prisen, som blir delt ut på eit kulturarrangement til hausten, skal vera ei påskjøning til ein person, lag eller andre som har utført eit særleg verdfullt arbeid på kulturområdet eller i nærmiljøet i Bokn kommune.

#### Desse har fått prisen tidlegare:

Eivind Øvrebø	1993
Målfrid Kro Trosnavåg	1995
Olaug Hognaland	1997
Solveig og Leiv Våga	1999
Matias Are	2001
Inger Sønnøve Bokneberg	2003
Songtrioen	2005
(Venevil Birkelund, Oddrun Nilssen, May Jorunn Vatnaland)	

#### Stikkord for desse personane har vore


Bygdemuséet, kulturvern, restaurering, innsamling, kulturformidling, lokalkunnskap, entusiasme, inspirasjonsfigur, tradisjon, diktar- og forteljarevne, dikt- og prologskrivning, barne- og ungdomsarbeid, uformell, respekt, eldsjeler, musikk, omsorg, jordnær, helseførebygging, støttearbeid, spre glede, mangfold og kvalitet .

**Nå har du sjansen til å påverka kven Bokn kommune bør gi kulturprisen i år.**

**Skriv eit brev eller send ein mail til kulturkontoret (jardar.havikbotn@bokn.kommune.no) og fortel om kvifor akkurat den personen eller dei personane/ laget bør få kulturprisen.**



**Frist: 1. juli**



## 17. mai - endring i program

17. mai-komiteen for 2006 har i år gjennomført ei endring i programmet i forhold til tidlegare år.

Hovudprogrammet startar i år kl. 10.30 med gudsteneste i kyrkja, og det vert ikkje tog frå Alvestadkroken til kyrkja som tidlegare. Toget startar utafor kyrkja etter at gudstenesten er ferdig og går via Boknatun til Føresvik.

Kapproinga er også flytta til Føresvik og den startar kl. 12.00 – etter at toget er ferdig. Båttforeninga vil gi meir informasjon i eige oppslag.

Sjølv om programmet startar kl. 10.30 v/kyrkja vil det vera frukost på Sjøhuset i Alvestadkroken kl 08.00 – ca 10.00 som tidlegare.

Det er 9. klasse som står for serveringa i år og inntektene går til Polen-turen deira. Vi vonar at mange fortsatt vil starta dagen der med eit kjekt måltid saman med naboar og kjente.

Sekretær for 17. mai-komiteen  
Solrunn Alvestad

## Fasteaksjonen 2007

-  
FORGLEMMEGEI



**KIRKENS NØDHJELP**

**Også dette året har konfirmantane vore i aksjon med bøssene. Resultatet vart strålende.**

Til tross for berre 7 stykker og lange ruter klarte dei å sette rekord for Bokn: **kr 14.834,50.**

Det har aldri kome inn så mykje i bøssene før så lenge dette har vore registrert.

**Kjempeflott innsats konfirmantar, og takk til alle som var med å gi!**

Svanhild Alvestad



## Dagsenteret

Dagsenteret har starta opp igjen i fellesstova til omsorgsbustadene på torsdagar kl. 10.00 - 14.00, med same program som før.

Nye brukarar er velkomne.

☎ 52 74 85 42 - 97 54 40 10.

Gi beskjed innan tysdag middag.

## FERIEVIKARAR

### VI SØKJER FERIEVIKARAR TIL PLEIE OG OMSORG, BU OG AKTIVITET, AMBULANSEN.

Vi treng sjukepleiar, vernepleiar, hjelpepleiar, omsorgsarbeidar, assistent og ambulansesjåfør i tidsrommet 25. juni – 26. august. Oppgi i søknaden kor du ønskjer å arbeida, tidsrom og stillingsprosent.

Pleie og omsorgstenestene er organisert slik at Bokn sjukestove er personalbase for tenestene som vert ytt brukarane både i institusjon og i heimane. Det er 11 institusjonsplassar og 14 omsorgsbustader i kommunen.

Stillingane inneber varierte arbeidsoppgåver innan ein modell med samordna tenester: heimebasert omsorg og institusjon. Ein må kunna disponere bil i arbeidet. Bu og aktivitet er avdeling for tenester overfor funksjonshemma brukarar i eigen bustad og avlastningsbustad. Todelt turnus. Sertifikat nødvendig (transport i brukarane sine bilar). Tett samarbeid med personalet i pleie og omsorg.

Ambulansesjåførane er organisert i bakvaktteneste for sjukebil stasjonert i Bokn. Vakttenesta inneber kveld og natt i vekene, heile døgnet i helgene. Vakthavande sjukepleiar i pleie og omsorg er kompanjong.

Vikariata vil bli løna i henhold til tariffavtale og lokale avtaler.

Opplysningar om arbeidsforhold og liknande kan ein få ved å venda seg til seksjonssjef Gunn Grønnestad, tlf.98221503.

Søknad med CV og relevant informasjon sender ein til Bokn kommune v/seksjonssjef helse, sosial og barnevern, 5561 Bokn innan 20.05.07.

Rådmannen

## Ferievikarar i teknisk seksjon sommeren 2007

Bokn kommune v/teknisk seksjon har sommeren 2007 behov for ferievikarar til diverse oppgaver som klipping, maling og lignende i perioden 21. mai – 15. august.

Bokn kommune er åpen for at det kan kombineres med andre jobber.

Lønn etter ansiennitet og praksis. Søker må være over 18 år.

List opp i søknaden hvilke uker og evt. tidspunkt som er aktuelle å jobbe.



Søknad sendes inn til Bokn kommune v/teknisk seksjon innen 15. mai 2007.

**Spørsmål kan rettes til Unni W W Høivik på tlf. 52 75 25 06.**

## Kulturmidlar 2007

Personar, organisasjonar, foreningar, lag og institusjonar som driv eller vil starta kulturverksemd i Bokn kommune kan etter søknad få stønad frå kommunen.

- Dei som søkjer for første gong kan få oppstartingsstønad. Størleiken på denne stønaden er avgrensa oppover til kr. 2.000,-
- Søkjarar må leggja ved avskrift av rekneskap for 2006 og budsjett for 2007 i tillegg til å fylla ut søknadsskjemaet på ein tilfredsstillande måte.
- Kulturmidlane det blir søkt om bør vera bakte inn i budsjettet for 2007, og det skal gå fram av søknaden korleis søkjaren tenkjer å bruka pengane.

### Desse krava må oppfyllest for å få stønad.

Kr. 10.000,- går til eit spesielt tiltak. Midlane går til

den søkjaren som Formannskapet meiner har den beste søknaden. Dette gjeld ikkje vanleg drift, men større arrangement som kulturkveldar, konserter og utstillingar, osv., eller større investeringar.

**Søknader som ikkje fyller krava som er gitt, eller kjem inn etter søknadsfristen, får ikkje stønad.**

Årets pott er på kr. 120.000 og kulturmidlane for 2007 blir fordelte i formannskapsmøte 5. juni.

**Samtlege som mottok støtte i fjor har fått tilsendt søknadsskjema.**

**Nye søkjarar kan få søknadsskjema i Servicetorget på Boknatun.**

**Du kan også få tilsendt søknadsskjema på e-post. Send då ein mail til jar-**



## Ny webside

### Intensivering av arbeidet med ny heimeside har ført til forsinka papirutgåve for april.

Arbeidet med å samansmelte kommunen sine nettsider med Bygdabladet sine har pågått ei stund og blei intensivert i veke 16, med plan om publisering i mai.

Det er usikkert om dette tidkrevande arbeidet vil føra til at fleire blad ikkje kjem til planlagt tid, og heng saman med realiseringa av den nye nettstaden.

Me ber om forståing for dette.

Redaktøren

## Rekordlåg arbeidsløysse i Bokn

Reidar Alvestad

Arbeidsløyssetala for april 2007 viser at Bokn har gått ytterlegare ned når det gjeld prosentvis arbeidsløysse.

Den er nå på 0,5% som er blant dei aller lågaste i Rogaland denne månaden. Middeltalet for Rogaland i april er på 1,3% og for landet 2%.

**Bokn Hagelag utlyser konkurranse**

Har du gode ideer om hvordan drømmehagen skal se ut, den fineste, mest praktiske, funksjonelle hagen?

Del dine gode ideer med oss.  
Send inn ideer og forslag til oss.

Du blir med i trekning av gavekort verdi av Kr 5.000,- i hageplanter/trær

Vi vil også ha inn bilder på rikest blomstrende sommerplante/staude. Her kan du vinne gavekort av verdi kr. 500,-

Vinnere blir gjort kjent ved auksjonen til korpset i oktober, så her har du en god frist på deg.

**HAGEDAGEN PÅ SKULEN 5. MAI KL.13.00-16.00**

Auksjon på hagelagetsredskaper kl 15.00  
(trommel,mosefjerner,jordfreser 2 stk,tilhengar

Sal av kaffe, sveler, pølser, is og brus

Johan Sandvik kjem og sel sommarplanter  
Sal av blomsterjord/Barneloppemarked/Lykkehjul/Div. salgsboder

Utlodning kl.15.00

Bokn Hagelag ønsker alle velkomne  
og håpar på en fin dag.

**HÅRSMIÅ**

Austre Bokn - mot Våga



Velkommen til god hodebunnsmassasje i HÅRSMIÅ.

Har fått inn nye eksklusive hårpleieprodukter.  
Jeg blander til hårkurer som passer ditt hår.

Klipper hver dag etter behov.

Det er bare å ringe på dag eller kveldstid.

Tlf. 52 74 86 47 - 99 03 72 03

Hilsen mona

**Bokn & Tysvær begravelsesbyrå**

John Magne Lie  
90 92 49 64

Kjell Frode Lie  
90 78 37 97

**TIL LEIGE**

Arbeidslift, 15 m

1.000 kr. pr. døgn + moms

1.500 kr. Pr. døgn + moms lørd./sønd.

 **91 61 46 78 - Vidar Grønnestad**

*Hjertelig takk for all oppmerksomhet ved min 75 års dag.*

*Arne Ognøy*

*Kjære alle saman*

*Hjerteleg takk til alle som hugsar meg på min 60 års dag.*

*Helming Gunhild Grønnestad*

Har du ein jobb  
du vil ha gjort?



**BYGDESERVICE**

BOKN BYGDESERVICE BA  
5561 BOKN - Tlf: 52 74 81 65

Vedlikehald, snikring, saging av tre, maling m.m.

Ring og spør oss

52 74 81 65 - 99 51 39 72

Mandag til torsdag  
09.00 - 17.00  
Tlf. 52 74 83 16

**COOP BOKN**

Fredag 09.00 - 18.00  
Lørdag 09.00 - 14.00

- Dagligvarer
- Medisinutsalg
- Postfilial
- Bensin—Diesel
- Driftsmidler
- Bank i butikk

**coop**  
marked





# Garantikonto

Garantikonto er en fleksibel investeringsløsning som gir mulighet for god avkastning og som garanterer deg å få utbetalt pengene du setter inn. Garantikonto er en ypperlig løsning for alle! Garantikonto kan du bestille i perioden 1. mars til 15. mai 2007.

## Hva er Garantikonto?

Garantikonto er en fleksibel og trygg spareform, med forventet vesentlig høyere avkastning enn høyrentekonto. Gjennom året kan verdien på avtalen svinge, men ved årsskiftet er du imidlertid garantert at verdien på avtalen ikke er mindre enn verdien ved årets start.

Saldoen kan du ta ut når du selv måtte ønske. Vi kan utbetale pengene terminvis hvis du ønsker det.

## Garantikonto - for deg som ikke vil risikere sparepengene dine

Spareløsningen egner seg godt for deg som forventer en høyere avkastning enn bankkonto.

Løsningen passer for deg som har lyst til å velge en spareform med mulighet for god avkastning, men allikevel ikke vil risikere sparepengene dine.

Garantikonto er en god spareløsning for alle og enhver - også som egen førtids- eller alderspensjon. Løsningen passer ypperlig som overføring av arv eller gave.

## Fordeler

- Avkastningen kan ikke være negativ ved årets slutt
- Tildeling av andeler av Livselskapets avkastning
- Ingen bindingstid
- Ved død utbetales saldo + 5 % til etterlatte
- Historisk avkastning på 2-3 % mer enn høyrentekonto.

## Sikret innbetaling og mulighet for god avkastning

Basert på den avkastningen SpareBank 1 Livsforsikring oppnår vil du sikres at din andel av avkastningen tildeles din avtale. Saldo ved årets slutt kan aldri være lavere enn ved årets inngang. Saldo ved årets slutt garanteres. I løpet av året kan imidlertid saldo svinge over og under inngangsverdi.



## Skatt

Det betales 28% skatt av avkastningen årlig. Midler investert i Garantikonto er gjenstand for formuesbeskatning.

## Terminvis utbetaling om du vil

Du kan ta ut hele eller deler av beløpet, når du selv måtte ønske. Du kan også velge å få utbetaling i månedlige terminer.

## Innbetaling

Minste innbetalingsbeløp er 50 000 kroner. Maks innbetalingsbeløp er 5 mill. kroner.

## Lave kostnader

Etableringskostnad 1,5 %. Forvaltningskostnad 1 % per år, belastes løpende av spareverdien. Etableringsgebyret blir ikke tilbakebetalt.

Garantikonto bestiller du i banken. Du kan også henvende deg direkte til SpareBank 1 Livsforsikring på telefon 21 02 50 60.

For mer informasjon se [www.sparebank1.no](http://www.sparebank1.no).

**SpareBank 1**

**coop**  
**marked**

Avdeling Bokn

5 stk. 50 l plantejord

**100 kr.**

Tilbødet varer til 12. mai



## Div. tenester på Boknatun

### BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag og enkelte mandagar.

52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

**Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.**

**Geir Austvik - fysioterapeut**

### BOKN FOTTERAPI

Kvar tysdag og fredag kl. 08.30 - 15.00  
ved fysioterapirommet.

**Enkelte laurdagar etter avtale.**

Ver venleg å bruke tilhøyrande inngang.

For timebestilling tlf. 52 74 84 79/99 70 74 28

Direkte nr.: 52 75 25 33

**Rita Jensen - fotterapeut**



## NAV Bokn trygd

Kontortid kl. 9.00 - 14.30  
Telefontid kl. 8.00 - 15.30

Kundesenteret: 815 81 000

### LANDBRUKSKONTORET

Kvar torsdag kontordag på Boknatun  
kl. 9.00 - 12.00.

Direktenr. 52 75 25 13

Avtale etter kl. 12.00 må gjerast særskilt.

Kan treffast på rådhuset i Tysvær andre  
vekedagar, tlf. **52 75 71 75**

**Bjørn Bruaset - jordbrukssjef**

### TANNLEGEKONTORET

Tysdagar og torsdagar kl. 08.30 - 15.00  
kl. 9.00 - 12.00.

Direktenr. 52 75 25 80

**Marita Ølund- tannlege**



Blir laga og gitt ut av Bokn kommune. Frist for innlevering av stoff er etter avtale med redaktøren. Bladet kjem ut 10 gonger i året, ikkje januar og juli.

Eit abonnement kostar kr. 325,- pr. år, gratis for bortebuande skuleelevar og studentar.

### BYGDABLADNEMND

Eva Moi

May Jorunn Vatnaland

Johannes Nilssen

### TILSETTE

Jardar Havikbotn, redaktør

Tlf. 52 75 25 08 - 98 22 15 08

E-post: [jardar@bygdabladet.no](mailto:jardar@bygdabladet.no)

Reidar Alvestad, journalist

Tlf. 52 75 25 04 - 98 22 15 04

E-post: [reidar@bygdabladet.no](mailto:reidar@bygdabladet.no)

Linda Ognøy, medarbeidar

Tlf. 52 75 25 45 - 91 16 87 82

E-post: [linda@bygdabladet.no](mailto:linda@bygdabladet.no)

### ANNONSEPRISAR

Heilside kr. 625,-

Halvside kr. 375,-

Kvartside kr. 188,-

1/8 side kr. 125,-

Privatann. kr. 62,-

Fastann. etter avtale

**[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)**

### SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag kl. 08.30 - 15.00.

**Me kan t.d. hjelpe deg med:**

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler ekskl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10 og 52 75 25 11.**

**E-post: [postmottak@bokn.kommune.no](mailto:postmottak@bokn.kommune.no)**



BOKN BIBLIOTEK

### Opningstider:

Mandag	09.00 - 11.30 (for skulen)
Tysdag	09.00 - 13.30
Onsdag	16.00 - 19.00
Torsdag	09.00 - 13.30

## Årets konfirmantar

Jardar Havikbotn



Bak fv. Vilhelm Våge, Martin Trosnavåg, Kristoffer Nilssen, Vidar Øvrebø, Alexander Hansen og Aina G. Schmeichler.

Framme fv. Ingrid Birknes Langhelle, Gina Alvestad og Charlotte K. Grønnestad.

Martin Trosnavåg blir konfirmert i Tysvær kyrkje 6.

mai.

Ingrid B. Langhelle, Aina G. Schmeichler og Morten Jensen Lie blir konfirmerte i Festiviteten 12. mai.

Dei øvrige blir konfirmerte i Bokn kyrkje 13. mai.

Morten Jensen Lie var ikkje til stades då bildet blei tatt.